



Ålfotbreen
verneområdestyre

Møteinnkalling

Utval: Ålfotbreen verneområdestyre
Møtestad: Teams
Dato: 03.03.2025
Tidspunkt: 12:00

Eventuelt forfall må meldast snarast til verneområdeforvaltar. Vararepresentantar møter etter nærare beskjed.

Kl 12.00	Møtestart
Kl 12.05	Innlegg frå Bjarne Kjøllmoen, NVE Bremålingar på Ålfotbreen og resultata av dei
Kl 12.45	Eline Orhein, SFVL Den vidare prosessen mot nasjonalparkstatus
Kl 13.15	Styremøte fortsetter
Kl 15.00	Styremøte ferdig

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
ST 6/25	Godkjenning av innkalling og sakliste		
ST 7/25	Val av styremedlem som skal signere protokoll		
RS 1/25	Ålfotbreen verneområdestyre - orienteringssaker styremøte 2/2025		2019/10793
ST 8/25	Ålfotbreen landskapsvernområde - søknad om helikopterlandinger og dronebruk under tv- innspeling - Mastiff Entertainment AS		2025/3126
ST 9/25	Ålfotbreen verneområdestyre - Fordeling av tiltaksmidler for 2025		2019/4056
ST 10/25	Eventuelt		

ST 6/25 Godkjenning av innkalling og sakliste
ST 7/25 Val av styremedlem som skal signere protokoll



Arkivsaksnr: 2019/10793-0
Sakshandsamar: Alf Erik Røyrvik
Dato: 21.02.2025

Utval	Utvalssak	Møtedato
Ålfotbreen verneområdestyre	1/25	03.03.2025

Ålfotbreen verneområdestyre - orienteringssaker styremøte 2/2025

Innstilling frå forvaltar

Styret tek orienteringssakene til vitande.

Saksopplysningar

Delegerte saker

Det har ikkje blitt handsama saker med delegert mynde sidan førre møte.

Driftsbudsjett

Verneområdestyret har fått tildelt 130.000 i driftsbudsjett for 2025. Det skal dekke utgifter med styremøte, rådgjevande utval, kostnader med nettside, eventuelle turar/synfaringar og andre kostnader styret har. Styret søkte om 142.900. Om ein samanliknar med budsjett og forbruk i 2024, so skal dette vere dekkande for den aktiviteten som det er lagt opp til i styret, inkludert studietur.

Driftsstøtte til infrastruktur

På same måte som i fjor, får verneområdestyret ein pott på 50.000 kr som driftsstøtte til drift og/eller vedlikehald til infrastruktur. Dette er ganske frie midlar. Dei kan nyttast til oppdukkande behov gjennom året, eller til planlagde tiltak. I fjor vart midlane brukt til parkeringsplass i Grøndalen og til tilsyn med brua ved Skarvevatnet.



Arkivsaksnr: 2025/3126-0
Sakshandsamar: Alf Erik Røyrvik
Dato: 21.02.2025

Utval	Utvalssak	Møtedato
Ålfotbreen verneområdestyre	8/25	03.03.2025

Ålfotbreen landskapsvernområde - søknad om helikopterlandingar og dronebruk under tv-innspeling - Mastiff Entertainment AS

Innstilling frå forvaltar

Forvaltar innstiller på å avslå søknaden, basert på miljørettsprinsippa i naturmangfaldlova:

- Produksjonen kan leggest utanfor verna område, jamfør nml § 12.
- Det samla omfanget av motorferdsel, i tillegg til presedens av eit so omfattande løyve, vert uakseptabelt stort, jamfør nml § 10.

Vedtak:

1. Ålfotbreen verneområdestyre avslår søknaden frå Mastiff Entertainment AS om løyve å lande med helikopter inne i Ålfotbreen landskapsvernområde i samband med tv-produksjon.
Avslaget er gjort med heimel i naturmangfaldlova §§ 10 og 12.
2. Mastiff Entertainment AS får løyve til bruk av drone inne i Ålfotbreen i samband med tv-produksjon. Løyvet er gjeve med heimel i naturmangfaldlova § 48, første ledd og gjeld for inntil 27 timar flyging i perioden juni til august 2025.
Flyginga må vere i tråd med anna regelverk for bruk av drone.



Saksutgreiing

Dokument i saka:

- Søknad om helikopterlandingar og dronebruk frå Mastiff Entertainment AS
- Verneforskrift for Ålfotbreen landskapsvernområde
- Naturmangfaldlova
- Retningslinjer for dronesaker i Ålfotbreen landskapsvernområde

Søknaden

Mastiff Entertainment AS har sendt inn søknad om helikopterlandingar og dronebruk i Ålfotbreen landskapsvernområde. Dei har planer om ein tv-produksjon i regionen der dei vil bruke fleire definerte «sektorar» i utmark/fjellområde. Det er ein omfattande søknad med mange helikopterlandingar fordelt på fleire periodar og dagar. To av sektorane dei vil bruke ligg inne i Ålfotbreen landskapsvernområde. Det er snakk om 1-3 innspelningar av konseptet, der det skal produserast ein sesong for norsk tv, og kanskje to sesongar for utanlandsk tv (avhengig av sal). Konseptet og produksjonen krev transport og bruk av mykje utstyr og materiell.

Dei søkjer om løyve til å lande eit viss antal gonger per dag, inntil eit visst antal dagar i kvar sektor. Søknaden legg opp til inntil totalt 248 landingar i dei to sektorane fordelt på tre innspelningar (sjå oppsett i søknad). I tillegg søkjer dei om løyve til å filme med drone under innspelningane, inntil 1,5 time per dag i opp til 18 dagar.

Mastiff presiserer at dei vil tilpasse aktiviteten til tilbakemelding og handsaming av søknad, og kunne tilpasse seg løyve på delar av aktiviteten. Dei viser til fokus på miljø og på vern av flora og fauna under produksjonen. Dei viser og til at dei kjenner til krav om løyve frå grunneigar og kommunar, og koordinering opp mot Statens naturoppsyn.

Regelverk

Motorferdsel til vanns og til lands, inkludert landing med helikopter, er i utgangspunktet forbode i Ålfotbreen landskapsvernområde (jamfør verneforskrifta § 3 punkt 5.1.) Forvaltningsstyresmakta kan gje dispensasjon til motorferdsel til visse føremål, men film- og tv-produksjon er ikkje blant desse. Saka må derfor vurderast etter den generelle dispensasjonsheimelen i naturmangfaldlova (nml) § 48.

Bruk av drone er heller ikkje lov, jamfør verneforskrifta § 3 punkt 6.2. Løyve til bruk av drone må også vurderast etter nml § 48. I begge tilfella er det første alternativ i regelen som er aktuell å bruke (mi understreking).

§ 48.(dispensasjon fra vernevedtak)

Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.



Jamfør nml § 7, skal alle vedtak som kan verke inn på naturmiljøet vurderast etter miljørettsprinsippa i nml §§ 8-12.

Landing med helikopter i utmark må normalt sett ha løyve frå kommunen der landinga skjer og i tillegg løyve frå grunneigar, i tillegg til handsaming i verneområdestyret. Det er søkjaren sitt ansvar å sette seg inn i kor vidt det er behov for dette og å få dette på plass.

Naturmangfaldlova § 48

Denne saka skal vurderast etter naturmangfaldlova § 48 og den generelle dispensasjonsheimelen der. Det er ein regel som berre skal brukast unntaksvis og kor terskelen for å gje løyve skal vere høg. Regelen seier at ein kan gje dispensasjon dersom tiltaket eller aktiviteten ikkje er i strid med verneføremålet og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig. Vi må då sjå til det som er føremålet med vernet av Ålfotbreen, som står i verneforskrifta § 2:

§ 2 FØREMÅL

Føremålet med vernet er å:

- *Ta vare på eit eigenarta, vakkert og kontrastrikt naturlandskap med dei vestlegaste og mest oseanisk påverka isbreane i Noreg.*
- *Bevare utan større tekniske inngrep dei storslåtte og særprega devonske landskapsformene, og heile breidda av naturtypar i overgangen frå høg fjell og bre til elver og vatn, skogkledde dalar og fjordlier med varmekjær lauvskog.*
- *Ta vare på det biologiske mangfaldet og kulturlandskap som finst i området.*

Allmenta skal ha høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.

Kort fortalt kan vi seie at det er landskapet, naturmangfaldet og kulturlandskapet som er verna og skal takast vare på. Landingar med helikopter set ikkje spor etter seg i landskapet. Det er derfor ikkje i strid med verneføremålet, sjølv i stort omfang. Vidare står det i verneføremålet at allmenta skal ha høve til naturoppleving. Støytande motorferdsel kan vere i strid med den delen av verneføremålet, men berre dersom det reelt sett kjem i konflikt med den friluftaktiviteten som er der. I den delen av verneområdet som det er søkt om å lande er det lite ferdsl, med unntak av langs ruta frå Grøndalen til Blåbrebu kor det er T-merka sti.

Konklusjonen er at tiltaket ikkje er i strid med verneføremål og verneverdiar, so lenge det vert sett vilkår slik at ein unngår konflikt med friluftsliv. Det betyr at saka kan handsamast etter nml § 48.



Vurdering

Dette er ei prinsipiell og viktig og omfattande sak, som krev ei grundig og medviten vurdering innanfor det skjønnsrommet som politikarane i verneområdestyret har. Eit produksjonsselskap ønskjer å bruke delar av Ålfotbreen landskapsvernområde som kulisser for eit tv-program.

Konseptet krev mykje utstyr og truleg mannskap som må fraktast med helikopter. Mastiff har og eit behov for eim viss fleksibilitet i bruken av motorferdsel. Den totale ramma for motorferdsel som det er søkt om vert derfor veldig stor. Potensielt kan det kome opp mot 250 landingar slik det er lagt opp i søknaden, sjølv om det reelle talet nok vert vesentleg lågare.

Den delen av verneområde kor Mastiff har lagt sektorane sine, har ganske lite motorferdsel i dag. I andre delar av verneområdet har det derimot vore ein del motorferdsel siste åra, i samband med bygging av nye hytter. Helikopter er einaste måten å transportere material og modular til hyttar til dei delane av verneområdet, og vi har derfor hatt saker og løyve med opp mot 100 landingar tidlegare.

Verneområdeforvaltninga har som mål å gjere området meir kjend. Gjennom fleire tiltak og satsingar tidlegare har ein brukt ressursar på det. At verneområdet blir brukt i ein tv-produksjon vil vere med å bidra til det. Eit løyve vil derfor kunne vere med å bidra til å oppnå eit av forvaltninga sine mål for området. Det har og tidlegare vore gjeve løyve til bruk av helikopter og drone for å lage film og tv, men då i mykje mindre omfang.

Vi må kunne gå ut i frå at årsaka til at Mastiff vil bruke Ålfotbreen landskapsvernområde som «kulisse» eller lokalsjon for innspeling, er det spektakulære landskapet. Som og er grunnen til at det er verna og skal takast vare på. Samstundes er dette eit konsept som krev mykje materiell og der arbeidsoppgåver og utfordringar knytt til materiellet har stort fokus. Slik sett skil det seg frå andre konsept der utfordringane knytt til å meistre naturen er i fokus. Naturmangfaldlova § 12 set krav til at mast skånsame lokalisering skal veljast. Vi har då eit prinsipp i forvaltninga at det som ikkje må gjerast inne i verneområdet, skal leggjast utanfor. Ut i frå konseptet til denne produksjonen kan det virke som at dette kan gjerast utanfor verna område, og derfor ikkje bør få løyve innanfor.

I naturmangfaldlova § 10 står det at ein skal vurdere samla belastning av tiltaket på økosystemet, og i tillegg ta med effekten av framtidige tiltak som kan kome av ein eventuell presedens som følgje av løyvet. I dette tilfellet er det som sagt søkt om eit særstort omfang, vesentleg større enn det vi har handsama og gjeve løyve til tidlegare. Dersom ein reknar helikopterlanding som ei belastning på området so blir den belastninga stor. Når det og er snakk om å gje meir omfattande løyve enn det som har vore gjort tidlegare, so skapar det presedens. Vilkår om lik handsaming av søkarar vil då tilseie at liknande søknadar seinare kan rekne med å få løyve.



Det er søkt om landingar i to ulike sektorar inne i verneområdet. Den eine sektoren er dalføret som går frå Straumsbotnen, over Trongedalen til Grøndalen og vidare opp til Bråbrebu. Den andre er området frå Saga og Maritinden og nordover mot Nipevatnet. I begge sektorane er det veldig lite ferdsel som potensielt kan bli uroa, med unntak av området frå Grøndalen til Blåbrebu. Her er det T-merka rute til DNT-hytta og her må ein rekne med ein viss ferdsel. Brukarar av denne ruta og hytta vil verte uroa om der er motorferdsel medan dei går der.

Elles er det lite konkrete førekomstar eller område som krev særleg omsyn i dei to sektorane. På den tida på året er vi over den mest sårbare hekke- og yngletida for særleg fugleviltet. Her kan vere rovfuglhekking i desse fjellområda, men den mest sårbare tida for dei er litt tidlegare på våren. Naturbase og andre kartverk syner ikkje omsynssoner eller andre førekomstar. Forvaltninga har dekkande kjennskap til dei områda det er snakk om og kunnskapsgrunnlaget (jamfør nml § 8) er tilfredsstillande. Naturmangfaldlova § 9 vert derfor ikkje brukt.

I søknaden er det og søkt om bruk av drone til filming. Dronebruken er vesentleg mindre problematisk enn helikopterbruken. For det første er bruk av drone i seg sjølv mindre støyande, mindre uroande og vesentleg mindre problematisk enn bruk av helikopter. Omfanget er ganske stort til dronesøknad å vere, totalt 27 timar. Men det er spreidd ut over heile sommaren og bruk av drone i regulerte former er i seg sjølv ikkje veldig problematisk. Eit løyve til bruk av drone i tråd med søknaden er derfor både fagleg og juridisk forsvarleg å gje.

Som sagt er dette ei vanskeleg og prinsipiell sak. Her er ikkje noko enkelt fasitsvar på om denne søknaden bør få løyve eller ikkje, det kjem an på kva verdiar og mål ein legg vekt på. På den eine sida er det veldig omfattande motorferdsel det er søkt om. Og tilsynelatande kan dei aktivitetane det er snakk om her gjennomførast utanfor verna natur. Å gje eit løyve slik som det her er søkt om vil for mange ikkje harmonere med forvaltning av verna natur i Noreg. På den andre sida vil produksjonen bidra til å gjere området, naturkvalitetane og verneverdiane meir kjent, noko som er i tråd med forvaltninga sine eigne mål. Og bruk av helikopter set ikkje varige spor, sjølv ikkje i stort omfang.

Her er argument både for og i mot å gje løyve. Etter å ha vurdert argumenta for og i mot landar forvaltar under tvil på å innstille på å avslå søknaden. Om styret derimot landar på å gje løyve, so bør omfanget reduserast og det bør leggast vilkår for å redusere negativ påverknad til eit minimum.

Naturmangfaldlova § 11 er ikkje relevant og derfor ikkje vurdert.



Arkivsaksnr: 2019/4056-0
Sakshandsamar: Alf Erik Røyrvik
Dato: 19.02.2025

Utval	Utvalssak	Møtedato
Ålfotbreen verneområdestyre	9/25	03.03.2025

Ålfotbreen verneområdestyre - Fordeling av tiltaksmidler for 2025

Innstilling frå forvaltar

1. Rydding av skog langs skogsvegen i Hope vert satt i gang i vår, med budsjett på 25.000.
2. Rydding og merking av stiar i Nordalsfjordområdet vert satt i gang i vår/sommar, med budsjett på 30.000.
3. Det vert jobba vidare med oppsetting av informasjonsskilt i Florø, med budsjett på 60.000.
4. Forvaltar går i dialog med grunneigar på Mettenes, med tanke på eventuell avtale om ålmenta sin tilgang til hamna og muleg bidrag frå tiltaksmidlane.
5. Vidare tilrettelegging i Førdedalen vert førebels lagt på vent.
6. Arbeidet med brua ved Skarvevatnet vert gjort ferdig og brua gjort klar til sommarsesongen. Dette vert dekkja av driftsstøtta.

Verneområdestyret gjev forvaltar fullmakt til omdisponering av midlar mellom tiltaka opp til kr 10.000. Omdisponering av meir enn kr 10.000 krev godkjenning frå styret.

Saksopplysningar

Dokument i saka:

- Søknad om tiltaksmidler til Ålfotbreen for 2025
- Tiltaksplan
- Tildeling av tiltaksmidler til Ålfotbreen for 2025 frå Miljødirektoratet



Fakta i saka

Ålfotbreen verneområdestyre søkte før jul i 2024 om totalt 415.000 i tiltaksmidler til Ålfotbreen i 2025, fordelt på fem tiltak. Miljødirektoratet har handsama søknaden og fordelt tiltaksmidler frå statsbudsjettet. Ålfotbreen har fått 250.000. Tre av dei fem tiltaka er godkjende og kan settast i gang, medan to av dei skal avvente til dei er betre planlagt og avklara.

Tiltaka som er godkjende er 1. Rydde skog i og langs skogsvegen i Hope, 2. Rydde og merke stiar i Nordalsfjordområdet og 5. Informasjonsskilt. Der søkte styret om (i same rekkefølge) 25.000, 30.000 og 60.000 kr. Desse tiltaka kan ein starte med umiddelbart. Etter kostnadsestimata vil vi då binde opp 115.000 av dei 250.000 vi har fått.

Støtte til vidare arbeid og ferdigstilling av hamna på Mettenes, og vidare arbeid med tilrettelegging i Førdedalen, har begge status «Avvent» i tildelinga. Søknaden har for lite informasjon til at direktoratet kan vurdere dei tiltaka skikkeleg. Her må det på plass meir informasjon, naudsynte avtalar og ein meir gjennomarbeida plan før ein får bruke tiltaksmidler på tiltaka.

Gjeldande hamna på Mettenes so har styret allereie sett vilkår om at det må på plass ei tinglyst avtale om ålmenta sin rett til bruk dersom det skal vere aktuelt å bruke tiltaksmidler. Miljødirektoratet er soleis på same linje som verneområdestyret. Vi bør starte med ein dialog med grunneigar i Mettenes om tiltaket og eventuell avtale.

Gjeldande tilrettelegging i Førdedalen so er det ei sak og eit tiltak styret har hatt på blokka i fleire år. Både forvaltninga og grunneigarane er samde om at det er eit stort potensiale i Førdedalen. Bruken av området er allereie stor og aukande, etter at dalen har blitt oppdaga som «buldredestinasjon». Det vi manglar er ein god plan for kva som bør gjerast, kven som skal gjere kva og kven som skal ha eigarskap og driftsansvar. I tillegg har det, slik eg har forstått det, vore ei viss usemje blant grunneigarane om vegen vidare.

I tillegg til tiltaksmidlane, har styret fått 50.000 kr i meir eller mindre frie midlar til vedlikehald og drift av infrastruktur. Midlane kan brukast til planlagde eller vedtekne tiltak og dei kan brukast til behov som dukkar opp i løpet av året. Det står att noko arbeid på brua ved Skarvevatnet før den er klar for sommarsesongen, og det er naturleg at det vert dekkja av desse midlane.

Handsaming i møte

Styret skal fordele og prioritere dei tildelte tiltaksmidlane, og gjerne legge ein plan for arbeidet med tiltak ut over året. Tiltaksmidlane skal brukast på dei tiltaka som er ført opp i søknaden. Skal ein ta inn nye tiltak, må det klarerast med Miljødirektoratet. Styret står fritt til å endre prioritering og justere summer frå søknaden.

ST 10/25 Eventuelt